

# Tilstandsrapport 2025 – Voss barnevernteneste

Levekår april 2026

# Mandat og hovudoppgåver

- Kommunen har overordna ansvar for forsvarleg barnevern (barnevernslova).
- Barnevernet skal sikre at barn og unge som lev under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse, til rett tid.
- Fristar:
  - meldingar skal vurderast innan 1 veke
  - undersøking innan 3 mnd (ev. 6 mnd)
  - Oppfølgingsbesøk fosterheim - 4 pr år
  - Evaluering av tiltak seinast kvar 12 veke
- Barnet sin rett til medverknad skal ivaretakast i alle fasar.


# Organisering og ressursar (2025)

- 16 tilsette:
  - Leiar
  - 2 teamleiarar med stadfortredarfunksjon
  - 12 kontaktpersonar, 1 merkantil (60%)
- To team
  - omsorg / ettervern
  - undersøking og oppfølging av hjelpetiltak

Akuttberedskap i Voss + avtale om akuttberedskap for Ulvik.

# Bekymringsmeldingar – utvikling og utfall

Bekymringsmeldingar 2021–2025




2021: 186      2022: 124      2023: 261

2024: 209. Utfall: 88 til undersøking. 28 lagd bort,  
2025: 224. Utfall: 130 til undersøking, 17 lagd bort, 36 lagd bort pga aktive tiltak, 41 meldingar i pågåande undersøking.

# Undersøkingar og tiltak

Utvikling frå 2024 til 2025



2025: 130 undersøkingar. Vedtak om tiltak auka frå 27 (2024) til 46 (2025). Eit «fristbrot». Hypotese: Me avdekkjer meir og hjelper meir, har auka arbeidsbelastning/mengde

# Plasseringar utanfor heimen og oppfølging


- Per 19.02.2026: Barneverntenesta har omsorgsansvaret for 32 barn/unge.
- Fordeling: 20 fosterheim, 6 beredskapsheim (akutt), 6 institusjon.
- Lovkrav om oppfølgingsbesøk: 4 per år (ev. 2 ved langvarige plasseringar etter vurdering). Fleire det fyrste året
- Ingen lovbrøt på oppfølging av plasserte barn i 2024 og 2025 (målretta interne rutinar).

# Ettervern og akuttberedskap

- Ettervern: 15 ungdomar (2024) → 21 ungdomar per 19.02.2026 (3 bur framleis i fosterheim)
- Barnevernvakt: 92 oppringingar i 2025; 2 frå Ulvik (ingen vidare oppfølging). Dette er ei auke frå førre år
- Beredskap: Kvardagar 15:30–08:00 + heile døgnet helg/heilag dagar (sovande nattevakt)
- Nytt registreringssystem frå januar 2026 for meir presis teljing og rapportering.

# Økonomi 2025 – hovudbilete

Økonomi 2025 (mill. kr)



31.12.2025: Budsjettramme auka til ca. 70 mill. kr (opphavleg 51 mill.).

Rekneskapan enda likevel med eit meirforbruk på 10 mill. kr.

# Økonomi – gjennomgang per tenesteområde

- 244 Drift: meirforbruk 5.3 mill. kr (overtid, juridisk bistand, feilbudsjetterte refusjonar).
- 251 Tiltak i heimen: meirforbruk 10.5 mill. kr (kjøp av hjelpetiltak, inkl. ca. 4 mill. kr Bufetat).
- 252 Tiltak utanfor heimen: mindreforbruk 5.2 mill. kr etter budsjettjustering (+19 mill. kr lagt på 252).
- Endra praksis for kontering frå 2026: Alle plasseringar vert no ført på 252 og alle reiseutgifter på 244 (betre oversikt/styring).

# Kvalitet, tilsyn og innsatsområde vidare

- Kompetanse: nær alle er barnevernspedagog/sosionom; fleire med vidareutdanning/master; låg turnover.
- Tilsyn Statsforvaltaren: to familiar; éi sak avslutta og éi pågåande. Lovbrot knytt til medverknad, oppfølging av bekymringsfull info og dokumentasjon.
- Tiltak: reviderte rutinar/malar, årshjul for fagleg utvikling, stikkprøvar/eigentilsyn, vidare implementering av BFK.
- Innsats 2026: ZIP-modellen (rekruttering fosterheim/nærmiljø), prosjekt vald i nære relasjonar, tilbakemeldingssystem (Norse Feedback), leiarprogram i internkontroll og kvalitetsleiing.

# Oppsummert

- Det går framleis bra med oss på barneverntenesta
- Me er ein svært travel gjeng som arbeidar med dei aller mest sårbare innbyggjarane i heradet
- Alvorsgradene i mange saker er svært høg og kompleksiteten er krevjande
- Radikal auke i plasseringar, både frivillige og ikkje
- Somme tider, arbeidar me døgnet rundt
- Me overheld alle fristar
- Me får gode tilbakemeldingar frå advokatar, Barnevern – og helsenemnda, Tingrett og Lagmannsrett. Dei uttalar høg barnevernfagleg kvalitet i alt arbeid
- Me har ein krevjande jobb, men mest av alt meningsfull
- Me brukar meir pengar enn me har budsjett for (2025)
- Me opplev auka i budsjett/justeringar som ei tillitserklæring
- Statsforvaltaren og tilsyn har vore ei belastning (men svært utviklande)



Voss herad

# Spørsmål?